



Jon Harald og Elisabeth leiar agentane ut på spennande oppdrag

Måndag klokka 17 startar Uskedalen sundagsskule oppatt på bedehuset med Tårnagentane for 2.- 4. klasse og Gullivergjengen for frå 3 år til 1. klasse. Tema for samlingane denne hausten vert På skattejakt i Bibelen. Niklas og Joakim S er hjelpeleiarar for Tårnagentane. Det nye for dei er at dei nyttar oppdragskort i staden for frammøtekort, fortel leiar Nelly Kjærland. Når oppdraget er gjort, skriv leiaren under på at det er utført.

- Er det anna nytt i opplegget i haust?
- Vi skipar til SLUSH-kurs, for 5.-9. klasse i bedehuset. Bokstavane tyder 'sprell levande unge sundagsskuleleiarar' og kurset er fredag 24. oktober og laurdag 25. oktober.

Elisabeth Fauskanger vert nok ein gong med som inspirator og målet er både å verta kjend med Bibelen og seg sjølv og øve på ulike oppgåver. Slik kan ein læra å gjennomføra oppgåver i kristent barnearbeid.

- Og så er det snart jul...
- Juleverkstaden vert 10. november og den er for alle born frå 3 år til 4. klasse. Vi har fått med gode hjelparar, som Elin Enes, Svanhill Haugland og Lise Marie Littabø i tillegg til oss vanlege leiarar den kvelden. Under julefesten 27. desember er vi med og syng.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen